



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Lunder Kjelby, 55 57 20 55

Vår dato
10.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11141 621
Dykkar referanse

Til alle kommunane i Hordaland

Tilbod om krisesenter i kommunane

Frå 01.01.2010 er kommunane pliktige til å ha eit godt og heilskapleg tilbod om krisesenter til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjoner.

Ei evaluering av kommunane si oppfølging av krisesenterlova syner at det er utfordringar knytt til tenestetilboden til voldsutsette med problem innan rus og/eller psykiatri, tilboden til personar med nedsett funksjonsevne og tilboden til menn og deira born. Evalueringa vart gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA, rapport 19/14.

Med heimel i krisesenterlova § 9, ønskjer fylkesmannen å kartleggje kva tilbod kommunane i Hordaland har til sine innbyggjarar.

Fylkesmannen ønskjer tilbakemelding på følgjande:

1. På kva måte ivaretar kommunen plikta til å gi eit tilbod om krisesenter til sine innbyggjarar i samsvar med krisesenterlova? Vi ber om at det særleg vert gjort greie for korleis tilboden vert ivareteke for desse gruppene:
 - a) Personar med problem knytt til rus og/eller psykisk helse
 - b) Personar med funksjonshemmning
 - c) Valdsutsette menn og deira born
2. Kva instans i kommunen har ansvar for å sikre at innbyggjarane har eit tilbod om krisesenter?
3. På kva måte blir innbyggjarane informerte om kommunen sitt tilbod om krisesenter?
4. På kva måte følgjer kommunen opp sine brukarar på krisesenteret og i reetableringsfasen? Dersom kommunen har skriftlege rutinar på dette, ber vi om at desse blir sendt.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding innan 12. januar 2016. Svaret kan sendast til postmottak@fmho.no merka med vårt saksnummer 15/11141.

Ved spørsmål, ta kontakt med Fylkesmannen v/Marianne Kjelby tlf. 55572055.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Marianne Kjelby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.